

Beitet sin plass i kulturlandskapet

- Aktuelle tiltak i beiter –

av Torhild Svisdal Mjøen, Oppdal Landbruksrådgivning

Beiting er noko av det viktigaste enkelt tiltaket for å oppretthalde kulturlandskapet rundt oss. Beitinga fører til eit ope landskap, som syner fram både det biologiske og kulturhistoriske mangfaldet. Kampen mot krattet og skogen er nødvendig både for å ta vare på kulturlandskapet og beitekvaliteten. Rydding er eit tidkrevjande arbeid, men kan gjerast der ein har nok beitedyr til å halde det vedlike etterpå. Eit godt beite kan vere ein stor verdi i gardsdrifta.



Eit beite som er rydda for einer og kratt dei siste åra. Her er det sambeiting storfe og sau gjennom vekstsesongen. Foto: Oppdal Landbruksrådgivning

Rydding

Mange stadar må ein inn med motorsag for å rydde beiter som er i ferd med å gro att. Utan beiting kjem krattet for fullt etter fire-fem år, etter 20-30 år med lite eller ingen beiting, vert det tett skog av bjørk og andre lauvtre. Å opne opp att eit slikt landskap krev mykje ryddearbeid. Når ein skal rydde er det viktig å bruke hauet og ha ei god plan. Kvar skal det hoggast snaut, kvar skal det stå att skogkrullar til vern for beitedyra, treng ein trasear for å kome fram med traktor? Når det gjeld beitekvalitet er det viktig å vurdere kvar det er / kan bli grasvegetasjon. Eit av krava til eit innmarksbeite er at det skal vere minimum 50% grasartar/urter nokolunde jamt på arealet. De lengre det er sidan det var mykje beita i eit område, de vanskelegare er det å vete korleis det var, og bør bli. Områder som er lite attgrodd vil det vere lett å rydde, medan områder med 20-30 års gamle tre er det vanskelegare å «gjenskape». Den som hugsar korleis det var har ei føremon. Mange beiter vert halde ope av husdyra, men problemartar som einer skal det eit stort beitetrykk til for å halde borte. Ofte må ein til med motorsag eller anna maskinell reiskap for å fjerne den.

Kva skal ein rydde og kva skal stå att

Det vil vere naturleg å utvide glenner og sletter som allereie har mykje gras. Her vil ein òg ofte finne far etter tidlegare generasjonars utmarksslått som restar etter høyløer, steinrøyser, oppbygde murar med meir. Rundt bergnabbar, steinar osb. er det naturleg å sette att ein skogkrull. Har du ein bekk eller eit oppkomme med vatn så la trea stå att der, for å unngå forsumping. Ei stor bjørk «drikk» mange hundre liter vatn per dag, og hjelp godt til med dreneringa. Det er òg naturleg for dyra å samlast her, da er det viktig med ly og ikkje minst «armering» av jorda for å unngå trakkskade. Nokre stadar kan ein bli nødt til å leie bort overflatevatn/ grunnvatn. Det kan vere ein ide å gå seg ein tur oppi andre lia, for å sjå korleis arealet vert sjåande ut på avstand, dette er eit tips frå ein skogbrukar. Ta ikkje ut alt for mykje i byrjinga, det er lettare å ta ut meir tre seinare, enn å få opp nye tre i eit beite. Ved utval av tre som skal stå att bør ein velje dei naturlege treslaga, i Oppdal vil det vere «unaturleg» med gran. Det skal òg vere best å sette att dei trea som ikkje har for stor krone, desse vil ha eit potensiale til å få ei verkeleg stor krone når dei får nok lys. Ein må òg tenkje på vêt og vind i samband med ryddinga. Trea på åskammen bør stå, her er vinden stri, så det må settast att mykje for å unngå vindfall.

Einekratt kan ein fjerne med motorsag eller anna maskinell reiskap. Å berre bruke motorsag til å rydde einer er mykje og vanskeleg arbeid, -men det går. På areal med urter som orkidear mm vil dette vere å føretrekke, da kjøring med traktor i seg sjølv kan øydelegge vekseplassen til desse. Areal definert som miljøareal har ofte slike verdier.



Her er beitet delvis rydda for einer. Foto: Oppdal Landbruksrådgivning

Om ein brukar **krattknusar** ser ein at det vert liggande att mykje småbitar, dette kan vere uheldig for beitedyra. Det er einer som er størst problem i så måte, da den råtnar så seint. Krattskog inkludert småbjørk råtnar svert fort, og vil i liten grad vere problem for beitedyra. Det har vore praktisert å rive opp eineren med traktor, bakkdelen er at ein òg riv opp mykje jord. Bruk av gravemaskin for å løfte opp einer, riv òg opp jorda, men er ein forsiktig kan dette gje mindre skader enn med traktor. Om ein ynskjer å få opp tre ein plass kan eineren stå, det gje god ly for ny småbjørk.



Til venstre: Dette bilete viser korleis det ser ut inni eit einerkratt. Dette er rydda med motorsag. Foto: Oppdal Landbruksrådgivning

Under: Her er einer rydda med traktor. Eineren blir løfta opp og ein del jorda fyljer med. Foto: Oppdal Landbruksrådgivning



Over: Her blir einerkrattet teke ned med ein krattknusar. Stubbene som står att kan vere eit problem mht beitedyr. Foto: Oppdal Landbruksrådgivning



Til venstre: Dette bilete viser korleis gravemaskina ”kjemmer” einebuskene opp. Den spesielle kammen løsner og løfter opp eineren. –Og inni er det alltid ein stein.
Foto: Oppdal
Landbruksrådgivning



Til høgre: Kammen på gravemaskina som ”kjemmer” opp ei einebuske.
Foto: Oppdal
Landbruksrådgivning

Ein måte å kvitte seg med «problemtrær» som **osp og or** er å gjere som geitene; ringbarke dei 2-3 år før hogging, da unngår ein oppskudd frå rota. Ein kan bruke glyfosat på trestubbane om det er eit ledd i plana for ryddinga og det ikkje er definert som miljøareal. Det er viktig å stubbe lågt i eit beite. Beitene bør vere ryddige, fjern\ Brenne kvist og einerstammer, slik at ein unngår skade på dyr/jur.

Beiting/beitepussing

Etter at beitene er rydda er det **beiting** og eventuelt **beitepussing** som skal halde dette området i hevd. Det viktigaste er at det er nok beitedyr, slik at dei klarer å halde nede uønska vegetasjon. Det beste er om ein har ulike dyreslag på beite, da dei har ulike matvaner. Medan sauene et 1/2 med gras og 1/2 med urter/lauvkraut og småtrær, et storfe og hest 2/3 gras og 1/3 urter/lauvkraut og småtrær. Fordelen med å ha hest i eit storfebeite er at dei klipper gras et svært jamnt og fint, samstundes som dei beiter rundt «kuruvene», slik at ein unngår sølvbuketuver. Det vil vere ein balansegang mellom det å ha så stort beitepress at tre og kraut vert halde nede, samstundes som dyra skal ha nok mat. Ein effektiv måte er å ha mange sauer der over kort tid. Beiter som er bruka til storfe om sommaren kunne ofte med fordel vere vårbeita med sau, av di gras et lett vert for gamalt før storfe et vert slept. Å kunne styre beitinga er svært viktig etter rydding, her vil bruk av el-gjerdet, faste eller flyttbare kunne vere nyttig. Det er mindre arbeid med ein slik utgard, enn med ein nettingutgard.



Bilete over viser detaljer frå eit permanent el-gjerde. Dette er ein lettare måte å gjerde på enn nettingutgard. Om ein må gjerde mykje for å styre beitepresset gjennom vekstsesongen, kan dette vere noko å tenkje på.
Foto: Oppdal Landbruksrådgivning

Geita er det lite av i vårt fylke, men som kulturlandskapspleiar kan ho bli svært aktuell i framtida. Ho et 1/3 gras og 1/8 med urter, resten dvs over 1/2 er laukraut, busker og småtrær.

Rogn, osp, selje og vier vert beita. Bjørka vert det tildels, medan or ikkje vert beita i det heile. Ugras som tyrihjelme og stornesle kan det bli aktuelt å bruke sprøytemidler mot, da desse kan få ei veldig stor oppformering når det slepp lys ned på marka. Dette kan brukast i opparbeidinga av beite, ikkje i bruk over år.

Beitepussing

Beiter som er rydda for skog, samt gamle beiter, slåttemarkar, setervollar mm som er «attgrodd» med **sølvbuketuver**, kan det vere aktuelt å bruke beitepussar på. Skal ein busse beiter der det har vore tre, er det naudsynt at det er stubba lågt. Stein kan òg vere eit problem. Krattkonusaren kan vere nyttig her, men tar ikkje tuvane så godt ned som ein tradisjonell beitepussar gjer. Miljøareal skal ikkje beitepussast, da dei har vegetasjon som vil kunne ta skade av det. Spesielt vil uttørking av plantene vere eit problem, da beitepussaren (og rotorslåmaskiner) slite av plantene. På slikt areal er det beiting eller knivslåmaskina som skal gjere jobben.

På «dyrkamark» nytta til beite med mykje sølvbunke, kan beitepussaren gjere ein god jobb. I alle høve må ein pusse slike beiter før ein kan greie å pløye slik jord, tuvane gjer at ein får dårleg jordarbeiding. Ofte vil pløying av slike beiter vere bortkasta, om ein sår inn anna gras vil sølvbunken snart ta over att. Inni store sølvbuketuver er det ein del jord, ved pussing vert denne jorda spreidd utover saman med frø, slik at nye planter vert etablert. Det er så stor frøbank i jorda på gamal kulturmark at noko nytilsåing vil ikkje vere nødvendig. Det vil vere aktuelt å bruke beitepussaren kvart år eller anna kvart år, for å halde tuvane nede og få ferskt nok beite.

Det ein skal vere obs på er at kulturmark med mykje sølvbunke ofte er svert fuktig, slik at det kanskje er **drenering** som må gjerast før ein vert kvitt problemet.



Pussing av sølvbuketuver med ein kantpussar. Både kantpusserne og beitepusserne er brukbare til å pusse sølvbuketuver. Det viktigaste er at jobben vert gjort ofte nok, kanskje må ein gjere det kvart år! Foto: Oppdal Landbruksrådgivning